



MUSIKKGUDSTENESTE m.m.

1. Song og musikk i dei vanlege gudstenesteordningane

Dei vanlege gudstenesteordningane har fleire ledd som gjev høve til songinnslag av kor/ solist og til å leggja inn Heire typar av instrumental- musikk. Såleis kan det i høgmesse framførast ein motett, kyrkjelyds- salmar kan utførast som vekselsong (alternatim-praksis) mellom kor/ solist og kyrkjelyd. Preludium og postludium kan ein gje ei rikare musikalsk utforming. Det kan og nyttast instrumentalmusikk ved nattverdutdelinga osb. Tilsvarende gjer og andre gudstenesteordningar det mogeleg å nytta spesielle musikkinnslag.

2. Spesielle musikkgudstenester

Det kan haldast spesielle musikkgudstenester, der alle ledda i guds- tenesta e11er nokre av dei har ei eiga musikalsk utforming, t.d. i form av spesielt komponert musikk ti] dei faste ledda i høgmesse, eller til dei bibelske salmane i ordningane Morgonsong, Aftansong og Kve]dsbøn. Dessutan kan einskilde ledd i gudstenesta utvidast med særlege musikalske innslag, t.d. kan det framførast meir konserterande musikk knytt til dei faste ledda i messa, det kan framførast ein kantate knytt til skriftlesing/preike i ordninga Preikegudsteneste eller ei anna guds- tenesteordning.

3. Kyrkjekonsertar og musikk-kveldar

Dersom ein ynskjer å halda samlingar i kyrkja med eit meir direkte konsertpreg, kan ein i konserten leggja inn skriftlesing, eventuelt ei kort preike, og bøn. Det kan og veksla mellom sanglege/musikalske innslag og tekstlesingar/bøner.

Slike samlingar kan og ha ein avsluttande liturgisk del. Denne delen kan t.d. følgja ordninga Aftansong eller delar av henne, t.d. ledda 7-11.

4. Om bruk av kyrkjeklokkene

Samanringing kan gjerast med ei klokke, dersom konserten i tillegg til musikken inneheld klåre liturgiske element, så som tekstlesing, tale, bøn, salmesong.